

Takstolar laga straumbrot

04.06.2011

Straumen vart broten klokka 10.30 fredag føremiddag frå Uskedalen til Skeishagen og det skjedde på ein heller spesiell måte. Ein lastebil som frakta takstolar til det nye byggjefeltet i Omvikdalen tok oppi ein fibrekabel i høgspenlina og dermed vart det kortslutning.

Kvinnherad Energi fekk ikkje melding med ein gong og oppfatta difor ikkje kva som hadde skjedd. Men ei rask omkopling ga som resultat at alle abonnentane hadde fått att straumen klokka 11.11